

LOKAL FORSKRIFT OM GEBYR FOR TEKNISK FORVALTNINGSTENESTE (GEBYRREGULATIV) FOR FEDJE KOMMUNE 2024

1 Innhold

| | | |
|------|---|---|
| 2 | HEIMEL | 3 |
| 3 | IVERKSETTING..... | 3 |
| 4 | GENERELLE REGLAR..... | 3 |
| 4.1 | Betalingsplikt | 3 |
| 4.2 | Kva for regulativ skal nyttast | 3 |
| 4.3 | Fastsetting av gebyr | 4 |
| 4.4 | Betalingstidspunkt..... | 4 |
| 4.5 | Avbrote arbeid..... | 4 |
| 4.6 | Mangelfull sak | 4 |
| 4.7 | Avvist sak | 4 |
| 4.8 | Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp..... | 5 |
| 4.9 | Gebyr til statlege etatar | 5 |
| 4.10 | Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd)..... | 5 |
| 4.11 | Oppmålingsforretning utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A) ... | 5 |
| 4.12 | Redusert gebyr | 5 |
| 4.13 | Klage | 5 |
| 4.14 | Endring av regulativet | 5 |
| 5 | TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID | 6 |
| 5.1 | Timepris..... | 6 |
| 6 | DIGITALT KARTGRUNLAG | 6 |
| 7 | PLANSAK | 7 |
| 7.1 | Førehandskonferanse..... | 7 |
| 7.2 | Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12) | 7 |
| 7.3 | Endring av reguleringsplan (pbl kap 12)..... | 8 |
| 8 | UTBYGGINGSAVTALE (pbl kap 17) OG REFUSJONSSAK (pbl kap 18)..... | 8 |
| 9 | DISPENSASJONSAK (pbl kap 19) | 9 |

| | | |
|-------|---|----|
| 10 | SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGESAK) (pbl kap 20) | 10 |
| 10.1 | Førehandskonferanse..... | 10 |
| 10.2 | Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-3 jf. § 20-1)..... | 10 |
| 10.3 | Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-4)..... | 12 |
| 11 | OPPRETTING AV NY EIGEDOM (DELINGSSAK)(pbl § 20-1 m) | 13 |
| 12 | ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32)..... | 13 |
| 12.1 | Sakshandsaming | 13 |
| 13 | HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA | 14 |
| 13.1 | Etablering av ny matrikkeleining | 14 |
| 13.2 | Innløysing av festetomt (omgjering av feste til bruk) | 14 |
| 13.3 | Areal-/volumoverføring..... | 14 |
| 13.4 | Omnummerering av festenummer | 15 |
| 13.5 | Justering av grense | 15 |
| 13.6 | Klarlegging av eksisterande grense | 15 |
| 13.7 | Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser | 15 |
| 13.8 | Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon | 16 |
| 13.9 | Registrering av jordsameige | 16 |
| 13.10 | Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr)..... | 16 |
| 13.11 | Avbrot i rekvirert arbeid | 16 |
| 13.12 | Oppmålingsforretning som vert utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A), jf regulativet pkt 4.11..... | 16 |
| 14 | HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (kap 2)..... | 17 |
| 14.1 | Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom (gjeldande til ny lov om eigarseksjonering av 16.06.17 nr 65 § 15 trer i kraft 01.01.18) | 17 |
| | Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom (gjeldande frå ny lov om eigarseksjonering av 16.06.17 nr 65 § 15 trer i kraft 01.01.18) | 17 |
| | Tinglysingsgebyr i samsvar med tinglysingslova § 12 b kjem i tillegg..... | 17 |
| 15 | HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA (kap 5) OG JORDLOVA (§ 12)..... | 17 |
| 15.1 | Konsesjon | 17 |
| 15.2 | Deling etter jordlova..... | 18 |
| 16 | HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (kap 4)..... | 18 |
| 16.1 | Delegert mynde (ALTERNATIV 1)..... | 18 |
| 16.2 | Søknad om løyve etter hamne- og farvasslova (ALTERNATIV 2)..... Feil! Bokmerke er ikke definert. | |
| 17 | HANDSAMING ETTER UREININGSLOVA..... | 19 |
| 17.1 | Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ureiningsforskrifta kap 2)..... | 19 |
| 17.2 | Søknad om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ureiningsforskrifta . kap 12) | 19 |
| 17.3 | Kontroll av avløpsanlegg (ureiningslova kap 7 og ureiningsforskrifta. § 12-2) | 19 |

2 HEIMEL

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vedteke med heimel i:

- *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27. juni 2008 § 33-1*
- *Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 (matrikkellova) § 32 og Forskrift av 26. juni 2009 nr 864 (matrikkelforskrifta) § 16*
- *Lov om eierseksjoner av 20. mars 1997 § 7*
- *Lov om eierseksjoner av 6. juni 2017 nr 65 §§ 14 og 15 (eierseksjonsl. trer i kraft fra 01.01.18.)*
- *Lov om vern mot forurensning av 13. mars 1981 nr 6 § 52 a og Forskrift av 5. mai 2003 nr 1909 om delegering av myndighet til kommunene etter forurensningsloven*
- *Lov om behandlingmåter i forvaltningssaker § 27 a og Forskrift av 14. desember 2011 nr 1336 om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v.*
- *Lov om havner og farvann av 17. april 2009 § 6 og § 25 og Forskrift om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift, iht. LOV-2009-04-17 nr. 19, §10.*

3 IVERKSETTING

Gebyrregulativet vedteke av Kommunestyret i Fedje kommune og gjeld frå 01.01.2024.

4 GENERELLE REGLAR

4.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og føresegnene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot heimelshavar, tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Kommunen skal av eige tiltak betala attende gebyr der kommunen har kravd og motteke for mykje i gebyr. Det kan ikkje krevjast rentetillegg for for mykje betalt gebyr.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevja eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevja forsinkelsesrenter frå forfallsdato i samsvar med forsinkelsesrentelova (Lov om renter ved forsinket betaling m.m av 17. desember 1976).

Det skal betalast fullt gebyr sjølv om det vert gjeve avslag på søknad.

Blir seksjoneringsbegjæring avvist skal tinglysningsgebyret og halve sakshandsamingsgebyret betalast attende til rekvirent, jf eierseksjonslova § 7 (5).

4.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyr skal reknast ut etter det regulativet som er/var gjeldande den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som kommunen krev for å handsama saka.

For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn skal ein nytta det gebyrregulativet som er/var gjeldande når føresetnadene for å handsama neste ledd i sakshandsaminga er til stades.

Gebyr som skal reknast ut etter timesatsar, skal relaterast til gjeldande satsar då arbeidet blei utført.

4.3 Fastsetting av gebyr

Gebyr etter dette regulativet er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søker si side.

Gebyr vert fastsett som eit basisgebyr + eventuelle faste tilleggsgebyr.

I tiltakssaker (byggesak og deling) vert gebyr fastsett pr tiltak.

Førebels fastsetjing av gebyr for plansak (basisgebyr + fast tilleggsgebyr) skal skje i obligatorisk oppstartsmøte.

For bygge- eller delingssak der det er naudsynt med dispensasjonshandsaming eller samtykke etter jordlova, kjem gebyr for dispensasjon og/eller jordslovshandsaming i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr.

Gebyr for ulovlege tiltak kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak.

Gebyr for utsleppsløyve kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak.

Kommunen kan velje å rekne gebyr etter medgått tid i staden for fast gebyr, der gebyr etter medgått tid overstig fast sats. Gebyr vert då fastsett ved enkeltvedtak.

Kommunen sine kostnader til tilsynsoppgåver etter plan- og bygningslova utgjer 10 % av gebyr for tiltakssaker, jfr pbl § 33-1.

Gebyr for handsaming etter Lov om havner og farvann kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr. For kommunar som har delegert mynde til Bergen og omland havnevesen vert gebyret fakturert direkte frå Bergen og omland havnevesen.

4.4 Betalingstidspunkt

Kommunen kan krevje at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før sakshandsaminga tek til, jf matrikkelforskrifta § 16(5) og plan- og bygningslova § 21-4(6).

For plansaker, medrekna utbyggingsavtalar og planprogram mm, skal gebyr vere betalt før saka vert lagt ut til offentlig ettersyn.

For saker der gebyr vert rekna etter medgått tid vert gebyr fakturert etterskotsvis.

Kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp, jf pkt 4.6, kan ved store oppdrag fakturerast månadsvis.

Klage på gebyr eller søknad om fritak for å betale gebyr, medfører ikkje rett til lengre betalingsfrist.

4.5 Avbrote arbeid

Når kommunen sitt arbeid blir avbrote av rekvirent/søker skal det betalast gebyr i høve til det som er utført, etter timesats eller etter sats som for avvist / mangelfull sak.

4.6 Mangelfull sak

Dersom motteke sak er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunne handsame henne skal saka verte arkivert utan handsaming, og med melding til søker. Det vert å betale gebyr for mangelfull sak.

4.7 Avvist sak

Dersom motteke sak er i strid med føresegn gjeve i plan, lov eller forskrift kan kommunen treffe vedtak om avvising. Det vert å betale gebyr for avvist sak.

4.8 Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp

Når kommunen må hyra inn fagkunnig hjelp i sakshandsaminga kan kommunen, i tillegg til gebyret, krevje å få refundert utlegga av den som skal betala saksgebyret.

4.9 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskrivning og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

Kostnader som kommunen vert påført i samband med innhenting av relevante opplysningar i knytt til oppmålingsforretning, og eventuelt tinglysingsgebyr og dokumentavgift, skal dekkast av rekvirenten.

4.10 Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd)

Perioden 01.12-31.03 skal reknast som vintersesong i høve til forskriftfesta frist for fullføring av oppmålingsforretning.

4.11 Oppmålingsforretning utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A)

Når det er ønskjeleg for kommunen, kan kommune ved skriftleg avtale overlata til rekvirent å utføre sjølve oppmålingsforretninga eller teknisk del av denne. Arbeidet skal utførast av kvalifisert landmålar, godkjent av kommunen. I avtalen skal det m.a. fastsetjast arbeidsdeling og samhandlingsrutinar. Jf. gebyrregulativet pkt 13.9.

4.12 Redusert gebyr

Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.

Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret.

Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.

4.13 Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret.

Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast over i samsvar med forvaltningslova kap VI. Statsforvaltaren er klageinstans.

Klage skal vere grunngjeven.

4.14 Endring av regulativet

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Ved endringar skal ein avrunda satsane. Satsar under kr. 1000 skal ein avrunda til heile 10 kroner og satsar frå kr. 1000 til heile hundre kroner.

5 TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

5.1 Timepris

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jfr pkt 4.3, skal ein bruke følgjande timesatsar:

| | | |
|-------|--------------|------|
| 5.1.1 | Kontorarbeid | 1100 |
| 5.1.2 | Feltarbeid | 1300 |

6 DIGITALT KARTGRUNLAG

Betaling for kartdata vert rekna ut i samsvar med kommunen sin Geovekstavtale for basiskart. Sjå www.statkart.no.

7 PLANSAK

7.1 Førehandskonferanse

| | | |
|-------|---------------------|---|
| 7.1.1 | Førehandskonferanse | 0 |
|-------|---------------------|---|

7.2 Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12)

| | | |
|-------|---|-------|
| 7.2.1 | Obligatorisk oppstartsmøte | 6600 |
| 7.2.2 | Basisgebyr plansak (inkludert inn til to møter) | 41100 |
| 7.2.3 | Fast tilleggsgebyr plansak | |
| | a) Areal planområde over 25 daa. Per 25 daa Areal som styresmakt har kravd inn i planområdet skal ikkje reknast med. Kommunen avgjer kva areal som ikkje vert rekna med. | 6300 |
| | b) Bygningsareal. Per 1000 kvm BRA | 1200 |
| | c) Sentrumsformål | 10000 |
| | d) Næringsformål | 10000 |
| | e) Privat områderegulering (ikkje i kraft) | 0 |
| | f) Plan som utløyser særskilte krav til utgreiingar, men utan krav til KU | 5900 |
| | g) Planforslag i strid med overordna plan | 20000 |
| 7.2.4 | Tilleggsmøter, per møte | 0 |
| 7.2.5 | Tilleggsgebyr for melding til forslagsstiller om manglar ved innlevert planframlegg | 2100 |
| 7.2.6 | Tilleggsgebyr for kommunen sitt arbeid med å rette innlevert planframlegg etter avtale med forslagsstiller. Medgått tid, men minstegebyr: | 2800 |
| 7.2.7 | Avvist plansak etter oppstart | 2100 |
| 7.2.8 | Godkjenning av konsekvensutgreiing (jf pbl kap 4) | 6100 |
| 7.2.9 | Godkjenning av planprogram (jf pbl kap 4) | 6100 |

7.3 Endring av reguleringsplan (pbl kap 12)

| | | |
|-------|---|----------------|
| 7.3.1 | Små endringer i reguleringsplan (jf pbl § 12-14) som er delegert til administrasjonen | 5500 |
| 7.3.2 | Mindre endring i reguleringsplan (jf pbl § 12-14) når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører omsyna til viktige natur- og friluftsområder. | 17100 |
| 7.3.3 | Endringer som det ikke er høve til å delegere fra kommunestyret | Som for ny sak |
| 7.3.4 | Tilleggsgebyr for melding til forslagsstiller om manglar ved innlevert endingsforslag | 2900 |
| 7.3.5 | Tilleggsgebyr for kommunen sitt arbeid med å rette innlevert endringsforslag etter avtale med forslagsstiller. Medgått tid, men minstegebyr: | 2900 |

8 UTBYGGINGSAVTALE (pbl kap 17) OG REFUSJONSSAK (pbl kap 18)

| | | |
|-------|------------------|-------------|
| 8.1.1 | Utbyggingsavtale | Medgått tid |
| 8.1.2 | Refusjonssak | Medgått tid |

9 DISPENSASJONSAK (pbl kap 19)

| | | |
|--------|---|-------|
| 9.1.1 | Dispensasjon som gjeld byggeforbod i strandsone, pbl § 1-8 | 16000 |
| 9.1.2 | Dispensasjon som gjeld arealføremål i plan | 16000 |
| 9.1.3 | Dispensasjon som gjeld arealformål LNF for mindre tiltak på bygd eigeedom, utanfor 100 m beltet til sjø eller vassdrag. | 5000 |
| 9.1.4 | Dispensasjon som gjeld plankrav eller rekkefølgjekrav i plan | 16000 |
| 9.1.5 | Andre dispensasjonar frå plan, lov eller forskrift | 16000 |
| 9.1.6 | Dispensasjonsvurdering i samband med søknad om tiltak, der det for mindre enn tre år sidan er gjeve dispensasjon for deling | 750 |
| 9.1.7 | Mellombels dispensasjon (reversibelt) | 16000 |
| 9.1.8 | Mangelfull sak m/melding til søker | 2100 |
| 9.1.9 | Avvist sak | 2100 |
| 9.1.10 | Søknad om dispensasjon som vert trekt av søker | 2100 |

10 SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGESAK) (pbl kap 20)

10.1 Førehandskonferanse

| | | |
|--------|---------------------|---|
| 10.1.1 | Førehandskonferanse | 0 |
|--------|---------------------|---|

10.2 Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-3 jf. § 20-1)

| | | |
|---------------|--|------------------------------|
| 10.2.1 | Basisgebyr bygg for bustad / fritidsbustad Jf. pbl § 20-1 a-e, g og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning. For tilleggseining i einebustad skal det betalast 50 % av basisgebyr. I fleirmannsbustadar skal det betalast 100 % av basisgebyr frå om med bustadeining nr 1 til og med nr 4, 50 % av basisgebyr frå og med bustadeining nr 5 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med bustadeining nr 11. | 13600 |
| 10.2.2 | Basisgebyr asylmottak/hybelbygg/pensjonat/hotell Jf.pbl. § 20-1a-e, g og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning. Per eining/rom: | 13600 |
| 10.2.3 | Basisgebyr bygg for industri /næring /tenesteyting landbruk/ publikum Jf. pbl § 20-1 a-e og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning. | 13600 |
| 10.2.4 | Fast arealtillegg for bygg etter pkt. 10.2.3 | 6,-/m ² |
| 10.2.5 | Basisgebyr fellesbygg Jf. pbl § 20-1 a-e og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning. Felles naust, sjøbod, bod, parkering, o.l. Gjeld frittliggjande fellesanlegg og fellesanlegg i tilknytning til andre bygg (t.d i kjellar). Gebyr pr eining/p-plass. 100 % av basisgebyr frå om med eining nr 1 til og med nr 5, 50 % av basisgebyr frå og med eining nr 6 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med eining nr 11. | 6600 |
| 10.2.6 | Basisgebyr konstruksjonar og anlegg A-saker: Jf. pbl § 20-1 a-l. A-saker. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Veganlegg, parkeringsplass og landingsplass, VA-anlegg, jordtippar, massetak, terrenginngrep, planering og hamne- og kaianlegg. B-saker: B- saker -Innhegning, riving av bygg, støttemurar, piper/skorsteinar/eldstadar/ Oppgradering/utskifting av eksisterande private avløpsanlegg | 9100 B-saker 2.000 |
| 10.2.7 | Bygningstekniske installasjonar Jf. pbl. § 20-1 f. Separat søknad om oppføring, endring og reparasjon. | 9100 |
| 10.2.8 | Basisgebyr andre bygningar, konstruksjonar og anlegg Oppføring av enkeltstående garasje/carport, naust, uthus/bod, terrasse og liknande. | 9100 |

| | | |
|----------------|--|----------------|
| | <p>Kai/flytebryggje/molo inn til 15 kvm. Basseng. Antenne/mast/skilt. Innhegning mot veg. Separat søknad om mindre anlegg/konstruksjonar og terrenginngrep på bygd eigedom. Separat søknad om enkle byggtekniske installasjonar. T.d ventilasjonsanlegg og pipe i bustad.</p> <p>Tilbygg som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning.</p> <p>Fasadeendring og annan mindre endring/reparasjon som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning.</p> <p>Riving av tiltak som nemnd i dette punktet.</p> <p>Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining.</p> | |
| 10.2.9 | Basisgebyr bruksendring Gebyr vert rekna ut i frå det føremålet det vert endra til. | Som for ny sak |
| 10.2.10 | Delt sakshandsaming T.d: Igangsetjingsløyve. Endringar i løyve. Mellombels bruksløyve. | 4200 |
| 10.2.11 | Mangelfull sak m/melding til søker | 2100 |
| 10.2.12 | Avvist sak | 2100 |

10.3 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-4)

| | | |
|---------------|---|------|
| 10.3.1 | Basisgebyr Jf. pbl § 20-4 og SAK10 §§ 3-1 og 3-2 Oppføring. Endring og reparasjon. Rivning. Tilbygg < 50 kvm. Frittliggjande uthus/garasje på bygd eigedom < 70 kvm. Mindre skilt/reklame/antennesystem på bygd eigedom. Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining. Driftsbygning i landbruket < 1000 kvm Tilbygg til driftsbygning i landbruket (totalareal < 1000 kvm) Midlertidige bygningar/konstruksjonar/anlegg inn til 2 år | 9100 |
| 10.3.2 | Basisgebyr for saker som ikkje krev oppdatering av kart/matrikkel T.d: Mindre murar. Fasadeendring. | 4100 |
| 10.3.3 | Mangelfull sak m/melding til søker | 2100 |
| 10.3.4 | Avvist sak | 2100 |

11 OPPRETNING AV NY EIGEDOM (DELINGSSAK)(pbl § 20-1 m)

| | | |
|--------|--|--------------|
| 11.1.1 | Oppretting i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan. | 3600 |
| 11.1.2 | Oppretting i samsvar med arealformål, men: | |
| | a) der grensene ikkje er fastsett i godkjent plan | 7000 |
| | b) der området er uregulert | 7900 |
| | c) der grensene ikkje er i samsvar med grenser i godkjent plan | 7000 |
| 11.1.3 | Oppretting som ikkje er i samsvar med arealformål | 7000 |
| 11.1.4 | Oppretting av ny anleggseigedom | Etter avtale |
| 11.1.5 | Mangelfull sak m/melding til søker | 0 |
| 11.1.6 | Avvist sak | 0 |

12 ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32)

12.1 Sakshandsaming

Gebyr for oppfølging av ulovlege tilhøve kjem i tillegg til ordinære sakshandsamingsgebyr der det ulovlege tiltaket vert søkt om i ettertid.

| | | |
|--------|--|------|
| 12.1.1 | Avdekking/påvising av ulovleg tiltak Registrering. Gjennomgang av arkiv og kartgrunnlag. Synfaring. Kontakt med tiltakshavar. Etter medgått tid, minstegebyr: | 3600 |
| 12.1.2 | Vedtak med pålegg om retting eller stans (pbl § 32-3 og 32-4) Kostnader med tinglysing kjem i tillegg. | 3600 |
| 12.1.3 | Vedtak om tvangsmulkt (pbl § 32-5) | 3600 |

13 HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA

13.1 Etablering av ny matrikkeleining

| | | |
|--------|---|----------------------|
| 13.1.1 | Basisgebyr for etablering av grunneigedom, festegrunn og punktfeste | 14300 |
| 13.1.2 | Fast arealtillegg | |
| | a) Areal frå 201 til og med 3 000 m ² | 17100 |
| | b) Areal frå 3 001 til og med 20 000 m ² | 23400 |
| | c) Areal frå og med 20 001 m ² til og med 50 000m ² | 26000 |
| | d) Areal frå og med 50 001 m ² = makspris | 28100 |
| | Der det vert rekvirert fleire enn 5 tomtar samtidig i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr. | |
| 13.1.3 | Tillegg for oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning | 2700 |
| 13.1.4 | Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn | Som for etablering |
| 13.1.5 | Oppretting av matrikkeleining utan markarbeid | 75 % av aktuell sats |
| 13.1.6 | Oppretting av anleggseigedom | Etter avtale |

13.2 Innløysing av festetomt (omgjerung av feste til bruk)

| | | |
|--------|---|--------------------------|
| 13.2.1 | Krev oppmålingsforretning dersom kart- eller oppmålingsforretning ikkje har vore halden tidlegare og grensene ikkje er merka og målt. | Gebyr som for etablering |
| 13.2.2 | Der det tidlegare er halde kart- eller oppmålingsforretning og grensene er merka og målt. | 60 % av aktuell sats |

13.3 Areal-/volumoverføring

| | | |
|--------|---|--------------|
| 13.3.1 | Basisgebyr arealoverføring | 14300 |
| 13.3.2 | Fast arealtillegg | |
| | a) Areal frå og med 501 m ² til og med 3 000 m ² | 17100 |
| | b) Areal frå og med 3 001 m ² til og med 20 000 m ² | 23400 |
| | c) Areal frå og med 20 001 m ² til og med 50 000 m ² | 26000 |
| | d) Areal frå og med 50 001 m ² = makspris | 28100 |
| | Der det vert rekvirert fleire enn 5 tomtar samtidig i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr. | |
| 13.3.3 | Volumoverføring for anleggseigedom | Etter avtale |

13.4 Omnummerering av festenummer

| | | |
|--------|------------------------------|----------------------|
| 13.4.1 | Omnummerering av festenummer | 75 % av aktuell sats |
|--------|------------------------------|----------------------|

13.5 Justering av grense

| | | |
|--------|--|--------------|
| 13.5.1 | Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige | 13700 |
| 13.5.2 | Justering av eksisterande grense for anleggseigedom | Etter avtale |

13.6 Klarlegging av eksisterande grense

| | | |
|--------|--|--------------------------|
| 13.6.1 | Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense i samsvar med grense som er koordinatbestemt ved tidlegare oppmålingsforretning , eller tilsvarande forretning etter anna eller tidlegare lovgjeving. Inn til 4 punkt. Avvik inntil 10 cm, jf matrikkelforskrifta § 36, 2.ledd. | 8200 |
| 13.6.2 | Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå og med punkt 5) | 2100 |
| 13.6.3 | Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense som ikkje tidlegare er koordinatbestemt, men har opphav i skyldskifte eller eldre utskifting. Inn til 4 punkt. | 12300 |
| 13.6.4 | Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå om med punkt 5) | 2100 |
| 13.6.5 | Basisgebyr ved uavklarte grensepunkt | Gebyr som for etablering |

13.7 Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser

| | | |
|--------|--|------|
| 13.7.1 | Klarlegging av rettar og servituttar, etter medgått tid, minstegebyr kr: | 4900 |
| 13.7.2 | Matrikkelføring av privat avtale om grenser, etter medgått tid, minstegebyr: | 4000 |

13.8 Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon

| | | |
|---------------|---|-------|
| 13.8.1 | Basisgebyr | |
| | a) Areal frå 0 til og med 50 m ² | 12500 |
| | b) Areal frå 51 til og med 250 m ² | 15000 |
| | c) Areal frå 251 til 2 000 m ² | 17700 |
| | d) Areal frå og med 2 001 m ² | 17700 |
| | Der det vert rekvirert fleire enn 5 uteareal samtidig i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr. | |

13.9 Registrering av jordsameige

| | | |
|---------------|---|-------------|
| 13.9.1 | Registrering av eksisterande, uregistert jordsameige | Medgått tid |
| 13.9.2 | Endring i registrert sameigefordeling | Medgått tid |

13.10 Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr)

| | | |
|----------------|--------------------------------------|-----|
| 13.10.1 | Matrikkelbrev inntil 10 sider | 200 |
| 13.10.2 | Matrikkelbrev over 10 sider | 400 |

13.11 Avbrot i rekvirert arbeid

| | | |
|----------------|---|------|
| 13.11.1 | Avbrot forårsaka av rekvirent, medgått tid, minstegebyr: | 5300 |
| 13.11.2 | Avvist sak, medgått tid, minstegebyr: | 2100 |
| 13.11.3 | Mangelfull sak m/ melding til søker, medgått tid, minstegebyr: | 2100 |

13.12 Oppmålingsforretning som vert utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkelova § 5A), jf regulativet pkt 4.11

| | | |
|----------------|--|------|
| 13.12.1 | Tilrettelegging av datagrunnlag (kommunen sitt ansvar) | 10 % |
| 13.12.2 | Administrativ del av oppmålingsforretninga og tilhøyrande dokumentasjon | 40 % |
| 13.12.3 | Teknisk arbeid og dokumentasjon | 15 % |
| 13.12.4 | Kontroll av punkt 2 og 3, og matrikkelføring (kommunen sitt ansvar) | 35 % |
| 13.12.5 | Ved mangelfull dokumentasjon, kommunen sin kontroll og påpeiking av manglar: etter medgått tid, minstegebyr | 0 |

14 HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (kap 2)

14.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom (gjeldande til ny lov om eigarseksjonering av 16.06.17 nr 65 § 15 trer i kraft 01.01.18)

| | | |
|--------|---|---|
| 14.1.1 | Sak som krev synfaring | 5 rettsgebyr |
| 14.1.2 | Sak som ikkje krev synfaring | 3 rettsgebyr |
| 14.1.3 | Tilleggsgebyr for utarbeiding av matrikkelbrev for grunnareal som en del av ein seksjon | Gebyr etter reglane om tildeling og endring av uteareal til eigarseksjon. |

Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom (gjeldande frå ny lov om eigarseksjonering av 16.06.17 nr 65 § 15 trer i kraft 01.01.18)

| | | |
|--------|---|---|
| 14.1.4 | Sak som krev synfaring | 3000 |
| 14.1.5 | Sak som ikkje krev synfaring | 2100 |
| 14.1.6 | Tilleggsgebyr for utarbeiding av matrikkelbrev for grunnareal som en del av ein seksjon | Gebyr etter reglane om tildeling og endring av uteareal til eigarseksjon. |

Tinglysingsgebyr i samsvar med tinglysingslova § 12 b kjem i tillegg.

15 HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA (kap 5) OG JORDLOVA (§ 12)

15.1 Konesjon

| | | |
|--------|---------------------------------------|-------|
| 15.1.1 | Konesjon (maksimumsgebyr) | 5 000 |
| 15.1.2 | Konesjon (kjøpesum under kr. 750.000) | 2000 |

15.2 Deling etter jordlova

| | | |
|--------|--|-------|
| 15.2.1 | Delingssamtykke etter jordlova § 12 (maksimumsgebyr) | 2 100 |
|--------|--|-------|

16 HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (kap 4)

16.1 Delegert mynde

Fedje kommune har delegert mynde sitt etter havne- og farvannslova, med heimel i havne- og farvannslova § 10, til Bergen havn. For søknad om løyve til tiltak i sjø, jf havne- og farvannslova § 27, skal det betalast gebyr til Bergen havn. Gebyrsatsar er vedteke med heimel i FOR-2010-12-20 nr. 1760 Forskrift om saksbehandlingsgebyr etter lov om havner og farvann §1, gitt i medhold av LOV-2009-04-17 nr. 19 Lov om havner og farvann § 6.

17 HANDSAMING ETTER UREININGSLOVA

17.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ureiningsforskrifta kap 2)

| | | |
|--------|------------------------------------|---|
| 17.1.1 | Etter medgått tid, minstegebyr kr: | 0 |
|--------|------------------------------------|---|

17.2 Søknad om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ureiningsforskrifta . kap 12)

| | | |
|--------|---|-------------------|
| 17.2.1 | Utsleppsløyve | |
| | a) For utsleppet kalkulert til inntil 50 PE | 4900 |
| | b) For utsleppet kalkulert til mellom 51 og 2000 PE til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø | 8900 |
| | c) For utsleppet kalkulert til større enn 2001 PE til ferskvatn / elv og 10 000 PE til sjø | 12300 |
| 17.2.2 | Fornya søknad innan 3 månader og før anlegget er etablert | 50 % av ny søknad |
| 17.2.3 | Søknad om endra utslepp ved endring eller oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg | 1300 |
| 17.2.4 | Mangelfull sak m/melding til søker | 1300 |
| 17.2.5 | Avvist sak | 0 |

17.3 Kontroll av avløpsanlegg (ureiningslova kap 7 og ureiningsforskrifta. § 12-2)

| | | |
|--------|--|------|
| 17.3.1 | Kontroll | |
| | a) Anlegg der utsleppet er < 50 PE | 1100 |
| | b) Anlegg der utsleppet er mellom 50 og 2000 PE til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø | 2300 |
| | c) Anlegg der utsleppet er større enn 2000 PE til ferskvatn / elv og 10 000 PE til sjø | 5900 |